



**Fellestenester - Politisk sekretariat**

Vår ref: 2015/2526-10

Dato: 18.04.2017

Til: Tormod Fossheim

Frå: Bente Høyland

**Transportplan Hordaland - 2018 – 2029**

Formannskapet hadde saka føre i møte 06.04.2017 som sak 2017/28.

Vedlagt fylgjer utskrift av møteboka der vi synet til vedtaket.

# Saksframlegg

Kvinnherad kommune

**Saksmappe**

2015/2526-9

**Saksbehandlar**

Tormod Fossheim

<b>Saksgang</b>		
<b>Saksnr</b>	<b>Utval</b>	<b>Møtedato</b>
2017/28	Formannskapet	06.04.2017

## Høyring av forslag til Regional Transportplan Hordaland 2018-2029 - uttale frå Kvinnherad kommune

### Innstilling frå rådmannen:

Kvinnherad formannskap sluttar seg til mål og strategiar i forslag til Regional Transportplan Hordaland 2018-2029 slik dei ligg føre.

Formannskapet vil, med omsyn på fylkeskommunen sitt vidare arbeid med Investeringsprogrammet for fylkesvegnettet, visa til prioriteringane i Kvinnherad kommunestyre sitt vedtak 22.09.2016 vedkomande Kvinnheradspakken.

Formannskapet vil også visa til kommunestyret sitt vedtak 15.12.2016 vedkomande uttale til statleg kommunedelplan Stord-Os og spesielt dei punkt i uttalen som gjeld ferjesambandet Kvinnherad – Stord.

### Behandling i Formannskapet den 06.04.2017

Nytt framsett forslag til tilleggspunkt frå formannskapet:

Formannskapet ber om at ferjeavløysingsmidlar vert særleg omtala i planen, med Fjelbergsambandet og fastlandssamband til Huglo som aktuelle prosjekt i Sunnhordland.

Innstillinga frå rådmannen, i tillegg til framsett forslag frå formannskapet, vart samråystes vedteke:

Kvinnherad formannskap sluttar seg til mål og strategiar i forslag til Regional Transportplan Hordaland 2018-2029 slik dei ligg føre.

Formannskapet vil, med omsyn til fylkeskommunen sitt vidare arbeid med Investeringsprogrammet for fylkesvegnettet, visa til prioriteringane i Kvinnherad kommunestyre sitt vedtak 22.09.2016 vedkomande Kvinnheradspakken.

Formannskapet ber om at ferjeavløysingsmidlar vert særleg omtala i planen, med Fjelbergsambandet og fastlandssamband til Huglo som aktuelle prosjekt i Sunnhordland.

### Protokoll/røysteforklaring frå Gretha Rød (Ap):

Kvinnherad Ap står framleis på sitt eige forslag til saka. Uttale til statleg kommunaldelplan – E39 Stord Os – Statens vegvesen frå KS 15.12.16 2016/78.

## Vedtak frå Formannskapet den 06.04.2017

*Kvinnherad formannskap sluttar seg til mål og strategiar i forslag til Regional Transportplan Hordaland 2018-2029 slik dei ligg føre.*

*Formannskapet vil, med omsyn til fylkeskommunen sitt vidare arbeid med Investeringsprogrammet for fylkesvegnettet, visa til prioriteringane i Kvinnherad kommunestyre sitt vedtak 22.09.2016 vedkomande Kvinnheradspakken.*

*Formannskapet ber om at ferjeavløysingsmidlar vert særleg omtala i planen, med Fjelbergsambandet og fastlandssamband til Huglo som aktuelle prosjekt i Sunnhordland.*

## Saksutgreiing:

### Generelt.

Regional Transportplan Hordaland (RTP) 2018-2029 er ei rullering av RTP 2013-2024 og er ein langsigktig regional strategiplan for utvikling av transportsektoren i Hordaland. Planen inneholder mål

til alle relevante delar av transportsystemet, samt strategiar, overordna prioriteringar og tiltak som viser korleis måla skal følgjast opp. Planen legg grunnlag for fylkeskommunen sine prioriteringar gjennom handlingsprogram og budsjettvedtak, samstundes som den skal gje innspel og føringar til prosessar som gjeld Hordaland, men som ligg utanfor fylkeskommunen sitt direkte ansvarsområde.

Handlingsprogram for RTP omhandlar aktuelle utgreiings- og utviklingsoppgåver, omtala som tiltak, og er vedlegg i planforslaget. I tillegg vert det utarbeidd eit eige investeringsprogram for fylkesvegnettet, som skal på høyring hausten 2017.

## Om planen

### Verknad

RTP er ein regional plan etter plan- og bygningslova §8-1 og legg til grunn målsettingar knytte til transport i nasjonale og regionale styringsdokument. Når planen er vedteken, gjev den rammer for regionale etatar, staten og kommunane si verksemnd og planlegging. RTP vil til dømes kunna gje heimel for statleg og regiona motsegn i samband med kommuneplanar og reguleringsplanar.

### Mål og strategiar

RTP har eit overordna mål: Hordaland skal ha eit sikkert transportsystem som ivaretak mobilitetsbehov og bidreg til omstilling til lågutsleppsamfunnet.

I tillegg har kvart plantema eigne hovudmål og delmål, og innanfor det enkelte plantema vert det også formulert strategiar og tiltak som viser korleis ein skal nå måla.

### Utviklingstrekk og utfordringar

RTP viser til at mykje av fylkesvegnettet er gammalt og ikkje bygd for dagens transportbehov, noko som inneber at fylkeskommunen har stor utfordringar på drift og vedlikehaldssida. Det samla behovet for å ta att vedlikehaldsslepet, inkludert naudsynt oppgradering, er kalkulert til 7,3mrd kroner.

Hordaland fylkeskommune har det overordna ansvaret for kollektivtilbodet i heile fylket med buss, snøgg og lokalbåtsamband og ferjer. Av alle kollektivreiser i Hordaland står bussen for 80% og båt for 2% (bybanen 18%). Om lag 90% skjer i Bergensområdet. Det er ei stor utfordring for fylkeskommunen å sikra tilstrekkeleg finansiering av investeringar og drift innan kollektivtransporten.

Hordaland fylkeskommune har også ansvaret for gang- og sykkelvegnettet tilhøyrande fylkesvegane (omlag 210 km) Kartlegging viser at behovet for gang- og sykkelvegar er stort. RTP omfattar også overgang til nye drivstoffteknologiar (el og hydrogen) som kan gje store reduksjonar av utslepp i transportsektoren. Hordaland var det fylket med størst andel sal av elbilar i landet med 7%. Bakgrunnen til dette er med stort sannsyn bruksintensiva i samband med bompengeprosjekt. Kvinnherad er typisk i så måte. Når slike intensiv etter kvart vert reduserte, vil lade- og fylleinfrastrukturen vera avgjerande for val av køyretyteknologi.

Vekst i folketalet og lokalisering av bustadar og arbeidsplassar påverkar etterspurnaden etter transport. Den sterkest veksten har vore i ytre strok av Hordaland særleg i og rundt Bergen. Dette biletet ser ut til å forsterka seg i tida fram mot 2040. Betre kommunikasjonar er eit nødvendig verkemiddel for å auka folketalet i distriktet. Veksten er avhengig av eit desentralisert næringsliv, og for transport av råvarer og produkt er god framkomst og høg regularitet avgjerande. I så måte er betre samband og tilknyting til riksvegnettet mot aust og vest viktig for Kvinnherad.

### *Økonomiske vekemiddel og prioriteringar*

Dei fylkeskommunale midlane til oppfølging av RTP 2018-2029 er nedfelt i økonomiplanen for 2017-2020. Det er rammer for fylkeskommunen sine eigne midlar fordelt på investeringstiltak og tiltak på drift og vedlikehald.

I tillegg får fylkeskommunen øyremerra statlege tilskot på fleire område, td rassikring. Utbetring av Furuberg bru skal finansierast av slike midlar.

Ferjeavløyingsmidlar er ein anna statleg finansieringsmodell som kan vera aktuell for Kvinnherad og Fjelbergsambandet. Ferjeavløyingsmidlar blir utrekna på bakgrunn av tap innanfor inntektssystemet når eit ferjesamband vert avløyst av ei bru eller ein tunnel.

Hordaland har også mange bompengeprosjekt og vegpakkar både som riksveg- og fylkesvegprosjekt. Dei økonomiske rammene til fylkeskommunen tilseier at bompengar framleis vil vera ei viktig finansieringskjelde for fylkesvegnettet fram i tid. Kvinnheradspakken er eit slikt bompengeprosjekt som er til vurdering i fylkeskommunen.

Kvinnherad har også hatt- og vil få fleire forskoteringsprosjekt, dvs at kommunar eller privat låner ut midlar til fylkeskommunen til finansiering av prosjekt på fylkesvegnettet. Forskotering vert tilbakebetalt av fylkeskommunen utan kompensasjon for renter og prisauke.

### *Fylkesvegnettet*

RTP set som hovedmål at Hordaland skal ha eit trafikksikkert og framkomeleg fylkesvegnett.

Vedlikehald av dagens fylkesvegnett skal styrkast med mål om å stoppa veksten i forfallet.

Følgjande strategiar er knytte til måla for å utvikling av fylkesvegnettet:

- Vera tydeleg på standardval i tidleg fase av nye vegprosjekt.
- Leggja nøktern standard til grunn ved utbetring av eksisterande vegar og punkttiltak.
- Prioritera vedlikehald og utbetring av vegnettet framfor nye større vegprosjekt.
- Auka innsatsen på vedlikehaldsida gjennom å auka rammene til standardhevingsmidlane.
- Utføra gjennomgåande strekningsvise standardhevingstiltak med vedlikehaldskarakter, kombinert med nye investeringstiltak på vegnettet.
- Utføra punktutbetring og mindre strekningsutbetring på det øvrige fylkesvegnettet.
- Løyva nødvendige midlar for å imøtekoma klima og miljøutfordringar.

- Prioritera trygge skulevegar og særlege trafikksikringstiltak samt leggja til rettes for auka gang og sykling.

Det er blitt etablert ei todeling av fylkesvegane med eit overordna- og eit øvrig fylkesvegnett. Todelinga er eit nyttig styringsverktøy i høve til prioritering av tiltak. Det er utarbeidd strekningsvise utgreiingar med tverrfaglege tilrådingar for aktuell utbetningsstandard og prioritering av prosjekt.

Fylkesveg Odda – Tysse over Årsnes er ein av dei strekningane som er definert som overordna og som er utgreidd.

I samband med tiltak på eksisterande fylkesvegnett er det teke i bruk fleksible vegenormalar som set andre standardkrav til nye veganlegg i høve til utbetring av eksisterande. Tanken er at ein skal nyttiggjera seg deler av den vegkapitalen som ligg i eksisterande veg, og på den måten få fleire løpemeter veg ut av løyvingane.

#### *Kollektivtransport*

Hovedmål: Kollektivtransporten skal gje eit samanhengande grunntilbod med ein hovestruktur som bind fylket saman.

Til målet er det valt fire strategiske grep som handlar om å: - utvkla det beste tilbodet der flest reiser; - tilby enklare reiser; - tilby effektive reiser; - sørge for miljøvennlig drift.

#### *Regionsenter*

Regional plan for attraktive senter definerer regionsenter i 10 kommunar i Hordaland. Husnes er regionsenter for Kvinnherad med Odda som nabosenter i nord og Leirvik i sør. Utvikling av regionsentra er kommunane sitt ansvar, men fylkeskommunen har mange ansvarsområde som påverkar regionsentra og som er nedfelte i følgjande hovedmål: Regionsenter skal vera tilrettelagt for effektiv og miljøvennlig transport i og til og frå sentrum.

Til hovedmålet er det knytt følgjande strategiar for utvikling av regionsentra som trafikale knutepunkt:

- Styrkja samarbeidet mellom regionsenterkommunane og koordinera det fylkeskommunale ansvarsområdet.
- Hovudlinje for kollektivtransport mellom regionsentra i fylket.
- Knutepunkt som skal sikra enkle byte mellom ulike transportmiddel.
- Etablira hovudnett for sykkel.
- Prioritera skulevegar for å sikra mjuke trafikantar.
- Invitera regionsentra til å inngå sykkelavtal.
- Overordna vegsystem skal ikkje vera til hinder for mjuke trafikantar, og intern vegsystem skal prioritera desse.
- Etablira energiforsyning for låg- og nullutsleppskøyretøy.

#### *Statlege ansvarsområde*

Forslag til RTP har også som eit hovedmål er at Hordaland fylkeskommune skal aktivt fremja regionale interesser inn mot dei statlege ansvarsområda. Forslaget ser det som viktig at den nasjonale transportpolitikken heng saman med regionale prioriteringar og utviklingsbehov. Det var difor etablert eit regionalt partnerskap som utarbeidde eit felles innspeis dokument til Nasjonal Transportplan (NTP) 2018-2029. Partnerskapen framheva fire likestilte hovedsatsingar med krav om oppstart 2018-21:

- Ferjefri E39
- Byvekstavtale

- Sotrasambandet
- E16/Vossabana (K5)

I Fylkestinget sitt vedtak om uttalen til NTP er også andre andre viktige prioriteringar og satsingar omtala, mellom anna KVU for vegarmen mellom E134 og Bergensområdet.

#### *Handlingsprogram*

Plan og bygningslova set krav om at det for RTP, som ein regional plan, skal utarbeidast eit handlingsprogram.

Handlingsprogrammet til RTP omhandlar aktuelle utgreiings- og utviklingsoppgåver, omtala som tiltak. Handlingsprogrammet ligg som vedlegg til RTP.

I tillegg til handlingsprogrammet vert følgjande oppfølgingsdokument innanfor samferdsleområdet utarbeidast:

- Investeringsprogram for fylkesvegnettet
- Handlingsprogram for kollektivstrategi.

*Investeringsprogrammet skal primært visa prioritering av investeringstiltak på fylkesvegnettet i perioden 2018-2021. Det skal leggja føringer for kav prosjekt som skal planleggjast med tanke på realisering etter første fireårsperiode. Programmet skal ha tett kopling til årsbudsjett og økonomiplan.*

*Investeringsprogrammet skal på høyring hausten 2017, med sikte på endeleg vedtak i fylkestinget desember 2017.*

#### **Innstilling**

Rådmanne rår til at Kvinnherad formannskap sluttar seg til mål og strategiar i forslag til RTP. Etter at RTP er vedteken skal oppfølgingsdokumentet Investeringsprogram for fylkesvegnettet utarbeidast. Her er det viktig at Kvinnheradspakken får ein sentral plass, samt at arbeidet med betre ferjesamband Kvinnherad – Stord får merksemd.

#### **Økonomisk konsekvens:**

Ikkje aktuelt

#### **Miljømessig konsekvens:**

Ikkje aktuelt

#### **Vedlegg:**

- Høyringsbrev
- Kommunestyrevedtak av 22.09.2016 vekomande Kvinnheradspakken
- Kommunestyrevedtak av 15.12.2016 vekomande uttale til statleg kommunedelplan E39.

Lekkje til forslag Regional Transportplan Hordaland

[http://www.hordaland.no/globalassets/for-hfk/plan-og-planarbeid/regionale-planar-under-arbeid/regional-transportplan/rtp-2018-2029\\_planforslag.pdf](http://www.hordaland.no/globalassets/for-hfk/plan-og-planarbeid/regionale-planar-under-arbeid/regional-transportplan/rtp-2018-2029_planforslag.pdf)

